# Informasjonssbrev – Arkivplan.no 2015.09

Eigarane av arkivplan.no har no gleda av å presentere verktøyet i ei oppdatert og forbetra utgåve. Den nye versjonen er tilgjengeleg frå 05.10.2015.

Oppdateringane er valde i samarbeid med brukarane av verktøyet og dei tiltaka som er gjort inneber ei forbetring av eksisterande funksjonar og eit tillegg av nokre nye funksjonar som har vore etterspurde. Oppdateringane som no er gjort går inn i eit treårig løp der det vil kome fleire slepp av oppgraderingar. Denne nye og forbetra utgåva av Arkivplan.no har versjonsnummer 2015.09. Endringane kan beskrivast som «mjuke» endringar som ikkje vil krevje særskild opplæring av brukarar som er vande med verktøyet. Vi har i denne omgangen prioritert endringar som vil gjere arkivplanen betre og lettare å bruke for arkivleiarar og andre som produserer eller redigerer i verktøyet. Alle endringar vil så snøgt råd er verte oppdaterte i brukardokumentasjonen/brukarhandboka. Nedanfor følgjer ei liste med dei endringane som er gjort:

### 2015.09.1 —Prosesstøtte for revidering

Dette er ein heilt ny funksjon i arkivplan.no. Denne er utvikla som eit hjelpeverktøy for den som lagar ein arkivplan. Det er lagt til ein statusvisning i visningsmodus(front) som er synleg for den som er innlogga. Under redigering og produksjon kan ein sette status på eit objekt: "Ikke påbegynt, påbegynt, ferdig" som gir desse fargane i visningsmodus: raud, gul, grøn.



Funksjonen gjer det lettare å halde seg ajour i arbeidsprosessen. Den kan også brukast til å få påminning om planlagte oppdateringar av arkivplanen ved at ein kan velje at status for ein del av arkivplanen skal endrast automatisk ved eit bestemt tidspunkt.




## 2015.09.2 — Vising av mange objekt pr side

Dette er ei endring på vising som inneheld mange objekt slik at ein slepp å bla mellom fleire sider for å sjå innhaldet i til dømes ein mappestruktur. Standardverdi er sett til 100 pr side.




| Navn | Synlighet | Endret av | Endringstidspunkt | Prioritet |
|---|---|---|---|---|
| Møtebok for kommunestyret | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:10 | 1 |
| Møtebok for formannskapet | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 06.10.2004 12:26 | 2 |
| Møtebok for administrasjonsutvalet | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:11 | 3 |
| Møtebok for arbeidsmiljøutvalet. | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:12 | 4 |
| Møtebok for planutvalet | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:12 | 5 |
| Møtebok for utval for plan og utvikling. | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:13 | 6 |
| Møtebok for utval for oppvekst og omsorg | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:14 | 7 |
| Møtebok for valstyre | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:15 | 8 |
| Møtebok for eldrerådet. | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:25 | 9 |
| Møtebok for viltnemnda | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:27 | 10 |
| Møtebok for takstnemnda for eigedomsskatt | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:28 | 11 |
| Møtebok for overtakstnemnda for eigedomsskatt. | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 07.10.2004 08:42 | 12 |
| Møtebok for skatteutvalet . | Synlig [ Skjul ] | Marit Steinset | 25.05.2004 08:07 | 13 |

## 2015.09.3 — Kobling til hjelpeverktøy

I venstremeny/verktøykasse finn du hurtiglink til hjelpesidene til Arkivplan.no




## 2015.09.4 — Ikkje automatisk «avsluttet dato»

Når ein registrerer eit elektronisk system, vert ikkje dagens dato automatisk sett til avslutta dato. Dato må setjast manuelt.



## 015.09.5 —Utvida venstremeny

Venstremenyen fungerer nå som ein vanlig filutforskar.




## 2015.09.6 —Kronologisk liste over endringar

Liste som viser siste objekt som er endra i arkivplanen. Funksjonen kan veljast i verktøykassa. (sjå også 2015.09.09)

## 2015.09.7 —Smulesti i front

I fronten vil ein smulesti vise deg kor i arkivplanen du er.




## 2015.09.8 —Automatisk logging av endringer

Endringar vert logga automatisk. Ein kan fortsatt legge til kommentar ved dei endringane ein ønsker å kommentere eller som må dokumenterast nærare.

## 2015.09.9 —Ti siste utkast

Ti siste upubliserte objekt frå din brukar (sjå 2015.09.5).

## 2015.09.10 —Siste publiserte dokument

Sist publiserte dokumenter frå din brukar. Denne funksjonen finn du i verktøykassa (sjå også 2015.09.2)

## 2015.09.11 —Informasjon om kor tid det aktuelle objektet vart endra og av kven

Ein kan velje ein funksjon som syner i front kor tid og kven som endra til dømes eit dokument i arkivplanen.




## 2015.09.12 — Endringar frå Arkivplan.no

Brukarar kan få varsel om endringar som er gjort av arkivplan.no AS. Dette er nyhendebrev som orienterer om feilrettingar, oppdateringsinformasjon og viktige nyhende frå Arkivplan.no.



## 2015.09.13 —UU-endringar

Endringar i kontrastforhold og kode for å etterkomme internasjonale standardar for universell utforming.

## 2015.09.14 — E-postvarsling for dokument/mappe

Valfri e-postvarsling der ein sjølv kan taste inn kva e-postadresse som skal ha varsel og når varselet skal gå ut. Ein kan til dømes legge inn varsling av planlagt revisjon av ein rutine, eller gjennomføring av restansekontrollar.

## 2015.09.15 —Indikasjon på vedlegg ved utskrift

Dersom det er eit vedlegg (som PDF) i arkivplanen vert dette indikert med klamme rundt filnamnet. Til dømes: [Rutinebeskrivelse.pdf].

## 2015.09.16 —Oversikt over fagsystem med arvtakerforhold

Ein kan merkje eit fagsystem/arkiv som utgått. Dette opprettar ei lenke og viser systemet i ei liste under "utgåtte fagsystemer/arkiver"

## 2015.09.17 —Forbetra søk

Søkevisingen og filtreringen er endra slik at ein i større grad kan spisse søket sitt ned til klasse (type innhold).



## 2015.09.8 —Flytte og kopiere fleire ting samtidig

Høgre-klikk på kopier-ikon indikerer en liten pluss, og ein kan dermed kopiere fleire objekt samstidig.




Det vil komme ein nærare forklaring på funksjonen i samband med oppdatering av brukarhåndboka.

## 2015.09.19 —Handlekurv

Navigering i andre arkivplaner lar deg legge til ting i handlekurv. Du kan så navigere til staden du ønsker å kopiere til. Funksjonen kopierer alt du har lagt til i handlekurven, også underobjekt.

I illustrasjonen nedanfor heiter funksjonen «arbeidsliste». Dette vil bli retta opp.




Det vil kome ein betre forklaring på denne funksjonen i samband med oppdatering av brukarhåndboka.

## 2015.09.20 —Sentrering av bilete

Endring i korleis bilete oppfører seg ved redigering.

**2015.09.21 Verktøykasse**

I venstremenyen er nå verktøykassen synlig med vis/skjul knapp. Her finner ein hyppig brukte verktøy og funksjonar samla på ein stad.

Utvkilingsgruppa ber om at attendemeldingar knytte til tiltaka ovanfor vert sendt til utviklingsgruppa ved Ole Stian Hovland, ole.stian.hovland@sfj.no. Her kan de også melde inn nye tiltak som de ynskjer at vi skal vurdere i det vidare utviklingsarbeidet. For teknisk rettleiing eller feilmeldingar, er adressa support@arkivplan.no.

For eigarane:

Ole Stian Hovland

Leiar for utviklingsgruppa i arkivplan.no